

# Språkbruket – der godt språk blir dyrka

Språkbruket held til i Førde og vender seg til bedrifter som har behov for språktenester.

## Kvifor skal ein dyrke godt språk?

For meg vitnar godt språk om kvalitet. Kvalitet skaper tillit. Og det gjeld i alle ledd: Mi tillit blir svekt dersom eit produkt er skjemt av klossete språk. Gode produkt fortener betre. Hugs at form heng nøye saman med innhald.

Med presis kommunikasjon unngår du misforståingar og frustrasjon. Du verkar profesjonell, og kundane dine blir meir nøgde. Det kan lønne seg å ikkje undervurdere verdien av godt språk!

## Kva kan eg hjelpe deg med?

### Omsetjing

Eg arbeider med desse språkkombinasjonane:

- frå engelsk til norsk
- frå svensk til norsk
- frå dansk til norsk

For visse teksttypar tilbyr eg òg omsetjing frå tysk og italiensk til norsk.

Som andre profesjonelle omsetjarar tek eg berre oppdrag til mitt eige morsmål, som er norsk. Men eg set om til både bokmål og nynorsk – valet er ditt!

Eg arbeider mest med fagspråk og har erfaring frå omsetjing av blant anna rapportar, brukarrettleiingar, programvare, websider, juridiske dokument, årsmeldingar og marknadsføringsmateriell.

### Skriving av informasjonsmateriell

Eg har lang erfaring med å forfatte innhald til f.eks. brukarrettleiingar, brosjyrar og websider. Eg kan hjelpe dykk med å få informasjon ned på papiret og å tilpasse bodskapen til målgruppa.

### Språkvask

Eg kan korrekturlese og redigere tekst som de har skrive sjølve.

### Relatert kursverksemد

På førespurnad kan eg òg halde kurs om relaterte tema. Eksempel: skriving av informasjonsmateriell eller oppfrisking av norskunnskapar.



### Kva er bakgrunnen min?

Eg er utdanna cand.philol. med faga engelsk fagomsetjing, psykologi og translatologi. Eg har over 15 års erfaring frå eit av dei største omsetjingsbyråa i landet, der eg har arbeidd som både omsetjar, teknisk forfattar og prosjektleiar. Dessutan har eg undervisningserfaring.

Ta gjerne kontakt med meg for å høyre korleis eg kan hjelpe di bedrift, og be om eit uforpliktande pristilbod.

### Språkbruket

Jorunn Seim  
Telefon: 481 40 440  
E-post: [jorunn@spraakbruket.no](mailto:jorunn@spraakbruket.no)  
Web: [www.spraakbruket.no](http://www.spraakbruket.no)



Språkbruket  
– der godt språk blir dyrka